

Auktorisationsprov för översättare den 31 maj 2021  
Från norska till svenska

Samhällstext

---

## Statsbudsjettet 2021: Satsar på arbeidsmarknadstiltak for å hjelpe fleire i jobb

Pressemelding | Dato: 07.10.2020

**Regjeringa foreslår å auke satsinga på arbeidsmarknadstiltak retta mot folk som står utan jobb med heile 825 millionar kroner i statsbudsjettet for 2021. Det vil gje om lag 7000 nye tiltakslassar, og styrke ungdomssatsinga og inkluderingsdugnaden.**

– Regjeringa vil legge til rette for at så mange som mogleg blir inkluderte i arbeidslivet. Å ha ein jobb å gå til er verdifullt for den enkelte, og for eit bærekraftig samfunn er det avgjerande at flest mogleg er i arbeid, seier arbeids- og sosialminister Henrik Asheim.

Regjeringa sitt forslag gir rom for om lag 63 000 tiltakslassar i 2021. Det er om lag 7 000 fleire plassar enn det som ligger til grunn i dag. Fleire tiltakslassar er eit målretta tiltak for å inkludere fleire i arbeidslivet, slik at ein motverkar at arbeidsløysa bit seg fast på eit høgt nivå framover.

– Godt tilpassa arbeidsmarknadstiltak har dokumentert positiv effekt på overgang til arbeid. No som arbeidsløysa er høg er det særleg viktig at flest mogleg får nødvendig støtte og hjelp til å kome raskt tilbake i jobb, seier arbeids- og sosialministeren.

[...]

### Styrka ungdomssatsing

Forslag om å auke løvinga til arbeidsmarknadstiltak og forslag om vidareføring av den midlertidige oppbemannninga ved NAV-kontorane i 2021, vil gi rom for å intensivere ungdomsinnsatsen i NAV. Viktige verkemiddel retta mot unge som står utanfor jobb og utdanning er opplæringstiltak, digitale oppfølgingstiltak, arbeidstrening i kombinasjon med mentor- og inkluderingsstilskot og ei ny tilskotsordning til sommarjobb. Regjeringa foreslår også å styrke Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge under Barne- og familidepartementets budsjett, som blant anna vil legge til rette for arbeidsplassar for utsett ungdom.

[...]

### Inkluderingsdugnaden

Inkluderingsdugnaden blir også styrka gjennom den auka satsinga på arbeidsmarknadstiltak. Ved å prioritere tiltak som individuell jobbstøtte og opplæringstiltak vil regjeringa legge til rette for at fleire med hol i CV-en og/eller nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidslivet.

– Framover blir det spesielt viktig å sørge for at utsette grupper ikkje blir skuvne lenger unna arbeidsmarknaden. I staten har vi satt mål om at 5 % av alle nye tilsette skal vere personar i målgruppa til inkluderingsdugnaden. Alle departementa skal levere ein plan for korleis dei og underliggende verksemder skal klare dette i haust, seier Asheim.